


SISTE INDRE



*Blad for Indremisjonsforbundet i Rogaland
Nr 4 - 2016. Årgang 56 - imfrogaland.no*



Vi er gode nyheter

Hva vil vi være?

Vi er en evangelisk luthersk vekkelsesbevegelse med oppdrag å gå med Guds Ord til folket. Slik har vi alltid definert oss. Andre ord har også vært brukt for å beskrive hvem vi er: Nådegavebevegelse, forkynnerbevegelse, venneflokker på bedehusene, lavkirkelig bedehusorganisasjon, lekmannsbevegelse, bibeltrøskap. Alle disse ord og setninger ligger det mye bra tenkning bak. Men det er også stikkord som kan gi oss et litt feil tyngdepunkt.

Indremisjonsforbundet har alltid hatt misjon i Norge som sitt oppdrag. Det som binder oss sammen er oppdragsgiveren og oppdraget. Misjon i nærmiljøet. Kortreist misjon. Vi er kalt til å drive misjon på vårt eget morsmål, med vårt eget hjem som misjonsstasjon og med kristne i vår egen forsamlingsområde som våre nærmeste misjonærkolleger.

For å se litt på vår egenforståelse, vil jeg stille meg selv og oss alle i ImF Rogaland noen spørsmål:

- Kan vi bli så lutherske at læresetninger skygger for læremesteren?
- Er vi i ferd med å glemme at bare troen, nåden og skriften er pilarene alt står og faller med?
- Vekkelse, kan det arte seg annerledes i dag enn for 75 år siden?
- Har vi hatt så mye fokus på nådegaven til å forkynne at vi har glemt de andre gavene og at alle har fått nådegaver?
- Tenker vi at lavkirkelig først og fremst er å være annerledes enn gudstjenesteformen i den norske kirke?
- Har vi forstått hva det betyr at vi alle er prester for Gud, altså det allmenne presteskapsjobben?
- Er vi så bibeltro at vi makter å leve ut Bibelen med våre egne liv slik at andre kan merke Jesus og Guds kjærlighet gjennom vår livsførsel?
- Makter vi å være Ordet nær og mennesket nær, samtidig?

I ImF har det helt siden starten vært frihet til å velge arbeidsmåter og virkemidler for å fullføre vårt oppdrag i hver våre nærmiljø. Men vi kan ikke definere oss bort fra selve oppdraget om å være sendebud for Jesus der vi bor. Ditt lokale Jesusfellesskap er håpet i ditt nærmiljø.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Frøydis Aarsland 459 55 965
Anne Birgitte Auestad 920 90 232

Bankgiro nr. 8220.02.80101

Krinsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf. 971 71 745

Krinsformann
Randi Klingsheim Bø
Tlf. 971 97 462

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-
forbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

Jeg vil bekjenne hvem jeg tror på: Jesus er veien, sannheten og livet!

Jeg har ikke for vane å skrive andakter, så jeg må innrømme at det er litt vanskelig å finne en begynnelse på denne. Min første tanke går gjennom alle mulige ideer om hva jeg har tatt til meg av kunnskap og erfaringer gjennom mange år som en troende. Men, fort ser jeg at jeg kommer til kort – det blir ikke til noe konkret, og opplevelse av avmakt og det å ikke mestre tar lett overhånd.

Men vent nå litt, hva er det som står i Bibelen, Johannes evangelium kap. 14.vers 1? «La ikke dere hjerte forferdes, tro på Gud og tro på Meg!»

Har Jesus gitt de som tror et evig håp, gjennom alle de utfordringer vi måtte stå i?

Ja, jeg lar ikke mitt hjerte forferdes – men frimodig vil jeg rette mitt blikk opp mot himmelen i lengselen etter å høre Hans røst og ta del i Hans ord. Det gir mitt hjerte fred, og alt som ser vanskelig ut blir ikke lenger umulig.

For vi som tror kan alle bekjenne Hans navn overfor hverandre og for dem som ikke tror, ja faktisk kan dette bli en andakt i seg selv. Vi er alle sendebud i en mørk, kald og brutal verden. Vi er gode nyheter som ikke blir gamle og utdaterte. Verden har ikke håp, men vi har det evige håp i himmelen- hos Gud vår Far som lengter etter oss hver dag for at vi skal få del i Hans hvile.

Vent nå litt, hva er det som skjer? – 255 ord og jeg bekjenner at jeg tror – erfaringer av min tro kommer til uttrykk som i apostelen Paulus sitt brev til Romerne kap. 10. vers 10 – 11. «For med hjerte tror en til rettferdighet, og med munnen bekjenner en til frelse. Skriften sier jo: Hver den som tror på Ham, skal ikke blir gjort til skamme.»

Er det så enkelt?

Ja, i mange tilfeller er det så enkelt, den som tror på Jesus blir ikke til skamme, men vi har fred i Ham. Og når vi bekjenner, skapes det tro; frimodighet, håp og trøst.

Vi blir da i forventning til at det vi sier betyr noe, også for vår neste. Da Jesus forlot denne verden for å gjøre et sted ferdig for oss, ble vi ikke etterlatt til oss selv. Men Guds ånd, den Hellige ånd, hjelper oss hver dag i bekjennelsen, i avmakten og i mestringen som troende. Ja, gjennom de små og store utfordringene. La oss alle komme til Jesus. Slik taler Jesus til sin disippel Thomas i Johannes evangelium kap. 14.vers 6 «Jesus sier til ham: Jeg er veien, sannheten og livet. Ingen kommer til Faderen uten ved meg». Så om noen spør meg om å skrive en andakt – vil min første tanke være bekjennelse av hvem jeg tror på, det er ikke så vanskelig. Guds fred!



Vi løfter økonomien i lag!

Måletsetjinga for ImF-Rogaland i 2016 er ein inntektsauke på 2,3 %, etter 7 mnd er inntektsauken på 8,1 %. Utgiftene har i same periode blitt redusert med 13,3%. Hovudgrunnen til nedgangen i utgifter er sjukemelding og ein ikkje bemanna stilling i barne- og ungdomsarbeidet.

Dette betyr at ved utgangen av juli har krisen eit underskot på 79 000. På same tid i fjor var underskottet på 662 000. Utviklinga i år er betre enn budsjettet, som har eit underskot på 150 000 som målsetting. Kretsstyret har nå balanse som ei realistisk målsetting for 2016. For å betre den økonomiske utviklinga tilsette kretsstyret nå i august ny barne- og ungdomsarbeidar i 50 % stilling i staden for den eine 100% stillinga som har vore.

Kretsstyret vil framleis arbeida for ein bærekraftig økonom, og med eit forholdsvis stort

underskot i fjor er det viktig å få byggja opp igjen likviditeten til kretsen. Styret vil difor også framover ha fokus på fast gjevaruteneste og forsøkja å styrka denne ytterlegare.


Hjarteleg takk til alle som står med og ber arbeidet økonomisk, vi gleder oss over auke i inntektene og prøver å legge til rette for ei trygg økonomisk utvikling framover.

For kretsstyret: Terje Slettebø, adm.leiar



Konstituering

Krinsstyret har konstituert seg med Randi Klingsheim Bø som formann og Toralf Liene som nestformann. I hyrderådet er Toralf Liene, Tarald Gudmestad og Torgeir Lauvås.



Torbjørn Corneliussen

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Nye medarbeidrarar
- Kristen Interkulturelt arbeid (KIA)
- Tenleiren 23.-25. sept.
- Ognatunbasaren 29. sept.
- Bestelegeiren 7.-9 okt.

Takke for:

- Inspirasjonssamlingane
- Alt diakonalt arbeid i kretsen
- Alle som stiller som leirleiarar
- Fritidsforkynnaraane
- Lokale barnelagsleiarar

Eit varmt hjarta for innvandrarar

-I Bibelen blir vi oppfordra til å elska nesten som oss sjølve. Når innvandrarane kjem til våre bygder og nabolag er dei vår neste som treng vår hjelp. Og velsigninga ved å få vera med å gje ei hjelpende hand og byggja vennskap er veldig stor.

► Tekst og bilde Terje Slettebø

Dette seier Irene Håland Ege, på Nærø, i ein samtale med Siste Indre. Vi merkar fort at Irene har eit varmt og brennande engasjement for innvandrarar.-Dette er ikkje ein jobb eg gjer, men det er ein livsstil. Det er så meiningsfylt å få gje positive glimt og opplevingar inn i livet til innvandrarar som ofte har det vanskeleg og ber med seg mange negative opplevingar i bagasjen, seier Irene, og understrekar at Gud er med henne i dette arbeidet. I ein periode etter 2009 var det naturlig for henne å ta ein tur ned til Mottaket på Nærland når ho hadde ei ledig stund. Nå er ho ikkje så ofte på mottaket som før.- Nå brukar eg meir tid saman med dei som er utflytt til Hå kommune og andre kommunar, som treng hjelp og støtte i å bli integrerte, og til fortsatt være venner med dei.

-Det er sterkt å oppleva korleis Gud fyller meg med kjærleik og godheit for enkelmeneske. Sperrer blir brotne ned og Gud går med. Det er så inspirerande å oppleva at Guds løfter held.

Guds plan

Irene opplever at ho får vera ein del av Guds plan i arbeidet for innvandrarane. Ho blir velsigna av å gje til dei som har mindre. Og Gud har sendt fleire menneske i hennar veg som gjer pengar og utstyr som ho kan bruka til å hjelpe. Nesten som det kan bli litt mykje utstyr i kjellaren til tider, men det er kjempeflott å oppleva folk som vil hjelpe, legg ho til med eit smil. Samtidig understrekar Irene at innvandrarane er til stor velsigning og lærar henne mykje om respekt mellom menneske, dette gjeld i møte med muslimar. Nå er det mest muslimar dei går saman med når dei besøkjer Hå mottak.



Nøkkelen i arbeidet mellom flyktingar og innvandrarar er å byggja relasjonar, seier Irene Håland Ege.

Snakke om livet

Kva kvalifikasjonar har du for dette arbeidet?

-Eg er ein utadvernt person som alltid har likt å snakka med alle. Nå opplever eg ei glede ved å forstå at Gud har gitt meg noko i møte med folk, interesse og glede over å kunne snakke med folk om livet... og om Jesus. Eg snakkar verkeleg ikkje med alle eg treff om Jesus, men håpar han kan bli synleg gjennom meg sånn han ser er best, og gjer meg mulegheiter eg kan bruke.

Dette har også gitt meg frimodighet til å sjå på mitt arbeid som frisør som ein viktig del av kristenlivet. Det har blitt mange gode samtaler med kunder i frisørstolen.

Glede og rikdom

Engasjementet for innvandrarane starta tidleg på 1990-talet for Irene. I den perioden kom det mange flyktingar frå Kosovo og Bosnia. Ein familie budde i ein periode på

bedehuset på Nærø. Irene fekk kontakt med dei ettersom ho var frisør og skulle klyppa barna i familien.

Etter ei tid flytta familien frå bedehuset til eigen bustad. Eit gammalt hus der dei trong alt. For Irene vart dette kjennskap med ein ny og ukjent verden. Midt i vår velstand vart ho kjent med ein familie som trong alt. –Vi måtte berre trø til og hjelpa slik at denne familien skulle få det greitt, seier Irene. Denne familien bur framleis på Nærø og familiene treffast og møtast både hjå kvarandre og i nærmiljøet. Dette gjeld ikkje berre familien Ege, men heile hennar familie. Ho fortel vidare at når det er selskap hjå dei er det naturleg å invitera mange innvandrar familiar. Dei er blitt ein naturleg del av deira fellesskap, og ein stor rikdom både for dei sjølve, storfamilien og venneflokkene.



Ekte
liv

Bønnesvaret

I 2009 kom det mange fra Eritrea til Mottaket på Nærland. Irene hugsa at ho tenkte, kva skal eg gjera nå for å bli kjent med dei. Ho ba Gud om å opna dører, og reiste ned på Mottaket. Ei av dørene i korridoren var litt på gløtt, der fekk ho kontakt med ei kristen dame. Ho hadde på si side bedt mykje om at Gud måtte senda ein kristen person i hennar veg. Irene var bønnesvaret hennar. Dei fekk etter kvart eit godt bønnefellesskap, og gjennom henne vart Irene kjent med fleire frå Eritrea. Dei flykta frå heimlandet fordi der var det ikkje religionsfrihet, deira største ynskje var å bli kjent med kristne i Norge og få venner i kyrkje og bedehus. Mange treng også praktisk hjelp til å forstå og koma inn i det norske samfunnet, seier Irene med etertanke!

Sterke vitnemål

For Irene er det viktig å få fram at kristne innvandrarar og flykningar har mykje å læra oss. Mange har lite eigendalar, utrygge rammer rundt sine liv, flytting frå stad til stad. Men gjennom dette får dei erfara at Jesus går med dei, Herren er deira hyrde. Irene har fått høyrte mange vitnemål som har grepe henne djupt om korleis dei stoler på Jesus.

Bygge relasjonar

I det siste har Irene merka eit større engasjement for innvandrarar. Dette gler henne stort. Sjølv har ho fått ei venninne, som Gud sendte i hennar veg, som er med henne på måndagane. Då kan dei besøker mottaka i Hå, Klepp, Sandnes og Sola, eller det er besøk i heimar (etter opphaldstillatelse), alt etter som kva Gud minner dei om. Det er ein stor styrke å vera to tilag. I lengre tid har også mannen til Irene, Arne, vore engasjert i arbeidet, og ho opplever det veldig flott at dei to i lag kan stå i dette arbeidet. Nokkelen i arbeidet mellom innvandrarar og flykningar er å byggja relasjonar. Bli kjent med einskildpersonar og familiar. Begynn i det små, oppfordrar Irene. Spør om dei treng hjelp når du møter dei på butikken eller andre stader. Inviter barna i Barneselskap. Be Gud om å laga anledningar, så vil han leggja til rette. Gud er praktisk. Har du nød for dette arbeidet, del nøden med andre og gå i lag med andre som har det same engasjementet, det kan ofte vera ein god måte å koma i gang på, oppmunstrar Irene Håland Ege.

Julemesssa 2016




Aud Karin
Kjølvik
Ringvoll

Julemesssa blir i år fredag 2. og lørdag 3. desember på Saron, Bryne. Vi får med oss Aud Karin Kjølvik Ringvoll som taler.

Gevinstar og varer er kjærkomne til messa. Vi er svært takknemlige for alle foreninger og privatpersoner som kan bidra med ulike gevinster, julekaker, strikka sokker, handarbeid m.m.

For meir informasjon ta kontakt med kretskontoret på tlf. 51 79 38 80 eller Anne Brit Stokkeland tlf. 416 94 756. Takk til alle som blir med på kretsen sin største dugnad!



Å være motstrøms med god grunn

Vi vil stå støtt. Vi vil stå på Bibelen. Guds ord, Bibelen, er vår produsents bruksanvisning for et godt liv her på jord.

Bibelen er også den eneste veiviser til det evige liv. Vi vil stå på Bibelens undervisning fordi vi tror den er god og sunn, og vil derfor advare mot den nye lære kirkemøtet i den norske kirke har innført som sier at de vil velsigne likekjønnede parforhold og vie dem. Vi henviser til ImFs dokument om saken. Her er god veiledning og råd. Dokumentet finner du på våre nettsider imfrogaland.no

Sølve Eldøy Salte fra Klepp gir på sin blogg vigselstriden.blogg.no tankevekkende grunnlag for den bibelske lære om ekteskapet. Sølve Eldøy Salte meldte seg nylig ut av den norske kirke. Vil du gjøre det samme, anbefaler vi medlemskap i ImF Tro. Informasjon om ImF Tro finner du på vår nettside. Vi vil ikke ráde til at alle skal melde seg ut fra den norske kirke, men oppfordrer sterkt til at alle gjør opp med seg selv hvilket forhold en vil ha til Bibelen og til ekteskapsforståelsen.

Hylderådet ImF-Rogaland

Ledig til konfirmasjonsselskap

På grunn av avbestillingar er det nå ledig på Ognatun 07. og 13 mai 2017 til konfirmasjonsselskap. Er du interessert ta kontakt med oss på Ognatun på tlf. 51 79 38 88.



**Herre, gjør meg stille!
Herre, ta meg
som den minste tjener
i din flokk!
Kun når alt mitt eget
ligger bak meg,
i din nåde har jeg
mer enn nok.**



Lovsangsgruppen Sync, fra Ogna og Sirevåg ledet sangen.

Inspirerende og tankevekkende

Inspirasjonskveldene på Ognatun onsdag 31. aug og torsdag 1. sept i år ble gode og tankevekkende. Det var rett over femti frammøtte onsdagen og litt under femti andre kvelden. Runar Landro, pastor på Fredheim i Sandnes, underviste første kvelden om vår bevegelses røtter og behovet for fornyelse. Runar er en engasjert og dyktig formidler som kjenner vår historie og vet at vi må være i endring for å nå mennesker som preges av samfunnsendringer.

- Tekst: Torgeir Lauvås
- Foto: Anne Berit Aarsland

Begge kveldene var Sync, ei lovsgangsgruppe fra Ogna og Sirevåg med oss og ledet sangen på en flott måte.

Torsdagskvelden underviste Thomas Rake. Thomas er pastor i Bedehuskirken på Bryne. Han tok utgangspunkt i efeserbrevet 4, 1-16. Han begynte først med å peke på de 5 siste versene i avsnittet og understreket at det er et mål for våre forsamlinger og fellesskap å nærme oss den tilstand som der beskrives. En målsetting for oss må da være at fellesskapet utruster alle hellige til tjeneste slik at Jesu kropp bygges opp. Videre er enhet i tro på Jesus, kjennskap til Guds Sønn, modenhet og det å ha hele Kristi fylde målsettinger Paulus setter opp for oss kristne. Bibelen sier også at vi skal være tro mot sannheten i kjærlighet og vokse opp til Kristus. Avsnittet avsluttes med at hver og en av oss har en bindledd-funksjon som skal holde Jesu kropp sammen og bidra til vekst og oppbyggelse i kjærlighet. Thomas understrekte sterkt at disse mål-

settingene ikke var utopier i Paulus sitt hode, men noe han visste kunne skje i forsamlinger og fellesskap. Derfor ba han menigheten i Efesus be og arbeide fram mot dette målet. Det skal være vårt bønneemne i dag og noe vi skal arbeide mot.

Etter en pause der det ble satt fram kaffe, kaker og gulrøtter fortsatte Thomas med samme teksten og sa at teksten har tre bolker med hver sitt hovedtema. Enhet er tema i vers 1-6, ulikhet er tema i vers 7-11 og modenhet er tema i vers 12-16. Men alt handler om å leve et liv som er verdig det kall vi har fått. Vårt kall er å være Guds barn. Jesus betalte full pris for å kjøpe oss til seg.

Gud gav i menigheten ulike funksjoner. Det listes opp 5 ulike hovedtrekk ved oss kristne og hver av oss har en av disse funksjoner som vi kan fylle med å bruke de nådegaver og den kraft Ånden gir. De fem funksjonene er:

Apostler. Ordet apostel finnes 80 ganger i det nye testamentet. Ordet betyr sendt eller misjonær. Sendt for å gå, komme seg i bevegelse. Apostler vil ofte utfordre andre til å komme seg i bevegelse. De kan virke utfordrende på andre i fellesskapet. Jesu apostler fikk oppdraget med å skrive ned og fullføre Guds ord. Det oppdraget får ingen apostler i dag.

Profeter. De hører Guds profetiske stemme og kan tale avslørende inn i menneskers liv slik at de dras inn til Guds nærhet. Mer opprett av det usynlige enn det synlige.

Evangelister. De får folk med seg. De har lett for å dele og lett for å rekruttere.

Hyrder. Det greske ordet for hyrde er pastor.



Runar Landro.



Thomas Rake.

Når hyrden er i funksjon opplever flokken seg elsket, sett og ivaretatt. Hyrden lærer folk å se på mennesker rundt oss på en annerledes måte.

Lærere. Hjelper oss å forstå. Lar oss vokse i forståelse og i modning.

Thomas avsluttet med å si at samhandling mellom disse fem funksjoner er helt avgjørende. Det er samtidig utfordrende, men vi trenger slik samhandling for å nå målet.

Jesus har kalla meg inn i tenesta!

Tore ser på seg sjølv som ein utypisk misjonsarbeidar. Som ein rock-entusiast med stor tatovering på eine armen er han ikkje eit A4 format i bedehusland. Han håper å kunna bruka dette til å nå lenger ut med evangeliet.

Tore Nesvåg (27) byrja som barne og Ungdomsarbeidar i 50% stilling i ImF-Rogaland 11. aug. Han opplever å ha blitt varmt tatt imot, fått stor tillit og skal vera leirsjef allereie 23.-25. sept. på Tenleiren.

► Av Terje Slettebø

Tsjekkia

Tore er født og oppvaksen i Sokndal, men bur nå på Sandnes, har blitt «byas» og trivst god med det. Dei siste åra har han studert kristendom, leiing og menighetsutvikling. Nå gleder han seg til å få praktisera det han har lært på studiet. Tore har også bak seg eit år som frivillige medarbeidar i nyplanting av menigheter i Tsjekkia. Ettersom stillinga i kretsen er 50% beheld han også sin stilling som vekter i Loomis.

Kall

Kvífor var du interessert i å arbeida i ImF-Rogaland?

-I 2011 byrja eg å gå i Fredheim forsamling på Sandnes og har trivast veldig godt der. ImF sin teologi og standpunkt er noko eg kjenner igjen hjå meg sjølve og opplever det naturleg å engasjera meg i samanhengen. Det er fantastisk å få lønn for å forkynna evangeliet, og eg kjenner på at Jesus har kalla meg til å gå inn i ein stilling som tilsett i misjonen. Dette er både spennande, utfordrande og medfører stort ansvar for det har med menneske å gjera, seier han med ettertanke.

Nå lenger

Tore har brote ut av det tradisjonelle mønstret på bedehuset og har på grunn av sin tatovering fått fleire spørsmål om han er tildegar narkoman eller om han køyre MC.

Han fortel også med eit smil at mange har blitt veldig overraska når han fortalte at han «studerte teologi». «Skal du bli prest!» har mange svart med vantru.

Nå håper Tore slik han er at han kan vera med å opna augo for fleire slik at dei kan få sjå Jesus. – Ikkje alle skal vera som meg, men me treng å vera forskjellege for då når meg lengst ut med evangeliet. Og han karakteriserer seg sjølv slik: -Eg er ein roleg, observerande person og gjer ikkje så mykje ut av meg, men det eg gjere er gjennomtenkt, som regel.

I arbeidet i ImF-Rogaland ynskjer Tore å utvikla seg som leiar, ta ansvar, og at andre skal kunna stola på han. Han ser og fram til å utvikla seg innan undervisning. Hen håper å kunna fylgja opp ungdommar over lenger tid.



Tore Nesvåg

Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.
(Stiftelsen Haydams Venner)

Se mer på www.mulbadaw.com

Ognatunbasaren 29. sept.
Kl. 19.00

Hovudtrekning
Andakt
Reidar Røyland
Sang av VITNE

Aresaig
Matsaig

Ognatunkafè

Tirsdag. 11. okt. kl 11-14
Tirsdag. 15. april kl 11-14

Godhetsfestivalen på Riska

I fem år har fire forsamlinger på Riska vært sammen om å arrangere Godhetsfestivalen ei uke tidlig i juni.

Riska bedehusforsamling, tilslutta ImF Rogaland, er en av dem. Godhetsfestivalen er ei uke der forsamlingsmedlemmer og andre som vil være med utfører gratis hjelp til hagestell, maling, rydding, bilvask, reparasjon av biler eller annet som noen trenger hjelp til å få utført. Godhetsfestivalen er et rent hjelpe tiltak som skal vise godhet til andre mennesker. Småting gjort i kjærlighet forandrer verden, er mottoet til Godhet Norge.



Aktivitetsdag på Ognatun



Torsdag 23. juni inviterte ImF-Rogaland flyktingar og asylsøkjarar til aktivitetsdag på Ognatun. Det var familiar og einslege på to asylmottak som fekk invitasjonen. Om lag 60 personar, med store og små, kom med buss og bil til Ognatun.

Denne dagen var eit samarbeid med Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA). Dagen starta med

ein kort andakt og eit god måltid mat. Så var det aktivitetsløype, med svampekasting, fiskedam, ansiktsmaling, pilkast og negle-maling. Det var også tilbod om kanopadling, tautrekking og steiking av pinnebrød. Då bussen kom tilbake og henta deltakarane, var det ein takknemleg flokk av barn og vaksne som forlét Ognatun. Og vi som hadde arrangert dagen var glade for at vi hadde fått vore med på noko som kjentes veldig meiningsfylt.

TS

Foto: Sandnes Mottakssenter, Hero Norge AS





GRUDE BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststro
4362 Vigrestad
Tlf.: 5143 7589 • Fax 5143 6653
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916



Sirevåg Salongen
Følg deg vell!
Tlf: 466 54 333
www.sirevaagsalongen.no
(Online bestilling)



Bryne Rør A/S

Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no



KROGEDAL
begravelsesbyrå

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

VIGRESTAD BYGG
WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505

Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710

Elektrofag Jæren
En god kontakt på Jæren

**Astor Industri
Eiendom AS**



Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

Vigdel Engineering AS
Telefon 46 41 18 19
Egil@vigdelengineering.no



Tlf.: 464 22 022

H. Reinertsen
LASTEBILTRANSPORT
EGERSUND

**Vardheiveien
Eiendom AS**

RIANOR AS

GM-offshore

FARGERIKE
FARGERIKE HALVOREN
Varhaug
Tlf: 51 43 61 00

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

BR
BRYNE REGNSKAP
Tlf 975 25 110
morten@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no

reime&lode
Nærø. Tlf. 51 79 10 10
www.reimeoglode.no

**MASKINERING &
SVEISESERVICE A/S**

Leir på Ognatun

Førjulsleir 1 2.-4. kl.
Førjulsleir 2 3.-5. kl.
Førjulsleir 3 5.-7. kl.

18.-20. nov.
25.-27. nov.
9.-11. des.

Påm. frist 24.okt.
Påm. frist 31. okt.
Påm. frist 14. nov.

Påmelding: <http://imfrogaland.no/>



Internasjonal kveld og Torsdagstreff

På Bedehuset i Egersund har dei to diakonale satsningar som er viktige for mange. Indremisjonen og Misjonssambandet i byen har gått saman om Internasjonal kveld og Torsdagstreff.



Apne
fellesskap

Internasjonal kveld

Dette er eit arrangement som dei har kl. 17.00 ein laurdag i semesteret. Ein inviterer gjennom løpesetlar. Alle er velkomne, både barn og vaksne, spesielt du som er innvandrar eller ny i Norge, er understreka i invitasjonen. Dette fortel Gudmund Jørgensborg, som er formann i Indremisjonen i Egersund. Han fortel vidare at dei har eit godt samarbeid med KIA og Vaksenopplæringa som er med og deler ut løpesetlane.

Samlinga legg vekt på det sosiale med mat og god prat rundt bordene. Vidare er det variert program med allsong, andakt og leikar. Frammøte brukar å vera 70-80 personar, ei flanding mellom barn og vaksne, etnisk norske og nye landsmenn, opplyser Gudmund.

Torsdagstreff

Dette er eit treffpunkt i bedehuset annankvar torsdag kl 11.00-12.30. Folk kan få sitje ned rundt bord og prate over ein kopp kaffi og litt

å bite i. På veggen viser dei eit Bibelvers, og same bibelverset er skreve på kort som ligg på borda som ein kan ta med seg. Eit kort vitnesbyrd blir og delt ut frå dette Bibelverset, og ein syng ein kjent song. -Treffet er populært og samlar mykje folk, pensjonistar og andre som har fri på føremiddagen, fortel Gudmund Jørgensborg.

TS

Julebuffet på Ognatun

Julebuffet m/dessertbord og kaffe
Onsdag 30 nov. kl. 19.00
Søndag 04. des. kl. 12.30.
Forhåndsbestilling/
reservering
av bord innan 22. nov.
Tlf 51 79 38 88

Pris: kr 450,- vaksne
kr 220,- 4-12 år
kr 50,- 1-3 år

Ta med familie og venner og
legg turen til Ognatun!



VELKOMMEN

TIL
INTERNASJONAL
KVELD

I EGERSUND BEDEHUS
LØRDAG DEN 8. Oktober
2016



KL 1700

Alle er velkommen både barn og
vaksne
SPESIELT DU SOM ER:
INNVANDRER ELLER NY I
NORGE.

Trenger du transport / bil, ring
Anne: 918 25 939 For kl. 1500

Program:

Sang, andakt, Sosialt samvær
med gryterett, is og kaffe/te.

Reiseruter hausten 2016

Anne Berit Aarsland:	Des: 02.-03. Julemess, Saron 04. Matningsdal, grautfest	Elisabeth Hauge 21.10 Ognedal, Bedehusetsdag	Leif Nesheim 26.10 Øye 27.10 Heskestad 28.-30/10 Hovsherad
Sept: 05. Hellvik Yngres 08. Barneteamet, Ognatun 09. Familiebasar Vigrestad 09. Ope hus, Fotland 15. Lederforum, Bergen 18.-25. Lederkonferanse Chicago 26. Riska Yngres 29. Ognatunbasaren		Tore Nesvåg Sept: 08. Komitemøte, Tenleir 20. Felles styremøte 23.-25. Ognatun, Tenleir	Ingbjørn Vingen 10.-13/11 Helleland
Okt: 03. Orre Yngres 05. Ombo yngres 11.-17. Finnmark 19. Kretsstyre 20. Lyngen jenteforening 20. ImF Ung Teamet 27. Barnetimen Sokndal 31. Verdalen Yngstes	Nov: 18.-20. Ognatun, leir	Petter Olsen 18.09 Malmheim 6.-7./10 Lauvås	Torgeir Nygård 23.-25/9 Ognatun, Tenleir
Des: 02.-03. Julemess, Saron 24. Julefeiring, Ognatun 29. Juletrefest, Ognedal	Des: 02.-03. Julemess, Saron 09.-11. Ognatun, leir	Egil Vigdel 23.10 Ogsa	Torgeir Skrunes 04.-06/11 Ogsa
Anne Birgitte Auestad	Gunn Siri Meland Tjelta (T2-student) Sept: 09.-11. Ognatun «På leir med far» 15. Barnetimen, Sokndal	Reidar Røyland 08.09 Bore, Torsdagsskulen 29.09 Ognatunbasaren 16.10 Ræge 20.10 Ræge	Maria Hornes 20.09 Mattingsdal 21.-25/9 Sunde
Sept: 04. Nærø, familiemøte 09.-10. Ognatun, «På leir med far» 15. Barnetimen, Sokndal 25. Bore, familiemøte	Okt: 07.-09. Ognatun, Besteileir 27. Barnetimen, Sokndal 31. Verdalen Yngres	Lars Tønnessen 13.11 Egersund	Håkon Garvo 19.10 Mattingsdal 20.-23/10 Sokndal
Okt: 04. Fredheim, Junior Ving 04. Fredheim, Mini Ving 06. Vigrestad, Fuglereiret 21. Ræge, familiemøte	Nov: 02. Høyland, Intro 08. Verdalen, Spøsæsj 14. Brusand, Barnelag 16. Ombo Yngres 22. Nærø, Acta 25.-27. Ognatun, leir	Olaf Aamodt 29.09 Bore, Torsdagsskulen	Randi og Sverre Dag Ljones 14.-16/10 Egersund
Nov: 02. Ræge, onsdagsklubben 28. Orre Yngres, foreldrefest		Ståle Handeland 24.11 Heskestad	Arne Arnesen 05.-09/10 Kvitsøy
	Frøydias Aarsland 02.-03. des. Julemess, Saron	Terje Bjørntvedt 27.11 Riska	Rolf Gunnar Husveg 13.11 Bore
	Torgeir Lauvås Sept: 04. Vonheim Røyneberg 05. Julemessekomitemøte 09. Vigrestad, basar 11. Klepp stasjon 16. og 18. Suldal 17. Fellesmøte ImF-styret. 20. Kretsstyremøte 24. Nærø Ungdomslag 29. Heskestad	Bjarne Ydstebø 08.-09./10 Lauvås	
	Okt: 07.-09. Ognatun, Besteileir Studiepermisjon fra 10.10.16 til 31.12.16.	Leiv Roald Thu 18.-19/10 Ræge	
		Jakob Kjølvik 10.11 Bore	
		Roald Evensen 07.-11/09 Varhaug, Finnmarksveke	
		Aud Karin Kjølvik Ringvoll 11.-13/11 Tau 02.-03/12 Julemess, Saron	
		Ragnar Ringvoll 11.-13/11 Tau	



WALDELAND MASKIN

- Grunnservice
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruks
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vinterbevællingshold
- Bruysting og strøying

Tlf: 90 79 61 44

Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 956 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

Populær komlemiddag på Klepp stasjon

-Dette er ein « godhetsdag» til nabolaget , seier initiativtakar Odd Narve Grude, om billig komlemiddag på bedehuset på Klepp stasjon som dei har ein dag i semesteret.

Når det er komlemiddag på bedehuset på Klepp stasjon går det unna 700-800 komler, (restaurant komler frå Coop butikken) 35 kg kjøtt, 15 kg pølser i tillegg til poteter og kålrabi. Prisen er 50 kr for vaksne og 30 kr for barn pr. porsjon. Janet og Odd Narve Grude vart inspirert av ein plakat som dei såg på Konsmo om komlemiddag, til å starta dette på Klepp stasjon. Nå har dei fått med seg eit team som står saman om oppgåva.

Alle er velkomne til å eta middag på bedehuset denne dagen, og Odd Narve syns det er flott å sjå bedehuset fullt av menneske både frå Klepp stasjon og andre bygder. Mange kjem i arbeidskleda rett frå arbeid. -Bedehuset blir ein stad å møtast for vanlege folk. Mange kjem som elles ikkje brukar å koma på arrangement på bedehuset, og det er flott at dei kan sjå at bedehuset ikkje er ein farleg plass å samlast..

TS



Janet og Odd Narve Grude.



Åpne
fellesskap

Fredheim forsamling satsar på Hjertebanken

Hjertebanken fungerer slik at den som har eit behov for hjelp melder dette inn i banken. Og den som ynskjer å vera hjelpper og utføre omsorgstenester registrerer dette . Oppgåva til Hjertebanken blir å administrere og formidle kontakt og tenester. Reint praktisk kan dette registrerast på nettet og i tillegg ved ein fysisk skranke på Fredheim etter Gudstenester.

Hjertebanken er eit prosjekt i regi av Fredheim Forsamling som har som fokus å inspirera medlemmar og andre til å finna sine potensiale/gåver og bruke dei i forsamlinga og for Sandnes by. Ynskje er at Hjertebanken skal bli ein inspirasjon til å spreie Guds kjærleik på alle arenaer.

Her er døme på oppgåver/tenester som er blitt formidla:
Luke & legge ut jord og bark for eldre kvinne. (Enkelt-uttak)
Innsamling av julegåver til utdeling vanskelige barn gjennom Frelsesarmeene.
Kutte ned prydbusker for eldre dame (Enkelt-uttak)
«Øvelsekøyre» med flyktning (Serie-uttak)
Flyktning ynskjer ein å praktisere norsk med

(Serie-uttak)
Hjelpe eldre dame å luke blomsterbed (Enkelt-uttak)
Klykke plen kvar 3 uke (Serie-uttak)
Vennekontakt for fleirkulturelle (Serie-innskot)

Ekstremt Potensiale

Hjertebanken har vore veldig positiv for oss, vi har fått inn ein god del oppdrag. Mange ynskjer å vera med slik at vi har fått hjelpt mange menneske, seier Andreas Bjørnvedt i ein kommentar til Siste Indre. Han er Pastor og dagleg leiar i Fredheim forsamling på Sandnes. Han ser eit ekstremt potensiale i Hjertebanken. Gjennom samarbeid med kommunen, flykninge-organisasjonar og frivillighetssentralen får vi inn mange behov.



Ekte
liv



-Utdrivinga er å få kommunisera ordninga inn i forsamlinga. Vi har framleis eit godt stykke igjen til å få skapt kultur for diakoni i forsamlinga vår. Særleg utfordrande er det å få personar som er villige til å bygge sosiale relasjonar som er langsiktige, seier Andreas, som legg til at konseptet Hjertebanken har dei formidla vidare til Betlehem i Bergen og Misjonskyrkja i Skien.

TS